

Informasjon frå komiteen:

Kvinnenes Internasjonale Bønedag starta opp i 1887 og vart ein verdsomspennande fellesskap frå 1928. I Noreg har ein hatt slike samlingar frå 1927.

Innsamlingsprosjekt:

- 1: I samarbeid med Wycliffe Norge støttar me arbeidet med å trykka og distribuera barnebøker og barnebiblar til dei ulike språkgruppene på Cookøyane.
- 2: Gåve til den norske organisasjonen Menneskeverd i deira arbeid for vern om livet frå byrjing til slutt.

Innkomne gåver:

Komiteen takkar for gåva til prosjekta i fjor på kr 350.000. Gåva gjekk til kristne med muslimsk bakgrunn og dialog og forsoningsarbeid gjennom organisasjonen Musalaha i samarbeid med Frikirken i Noreg.

Meir informasjon på vår nettside:

<https://norgeskristnerad.no/kvinnenes-internasjonale-bonnedag/arrangement/>

Denne utgåva er omsett av Tone Moseid, Ingrid Erlandsen, Ester Madeleine Lorentzen og Inger Marie A. Oppegård og redigert av den nasjonale komiteen.

Komiteen i 2024: Ruth Bente Paulsen (Frelsesarmeen), Elisabet Stray(Baptistkirken Norge), Anne Lill Lia(DNK), Tone Moseid(Frikirken), Anne Rigmor Stock Evje, (Den katolske kirke), Ingrid Erlandsen(Pinsebevegelsen Norge), Helen Byholt Lovelace (Metodistkirken), Inger Marie A. Oppegård(Lærernes Misjonsforbund), leder.

Vipps: 796645 eller 3000.15. 27955. (Norges Kristne Råd)

Copyright © 2024 World Day of Prayer International Committee,
Programmet er laga av nasjonalkomiteen på Cookøyane
Inc/Nasjonalkomiteen i Noreg.

I samarbeid med



Norges Kristne Råd
KIRKENE SAMMEN

Sponsa av

knif trygghet



KVINNENES INTERNASJONALE BØNEDAG 2025

Eg skapte deg unik, du er underfullt laga.

Salme 139,14



7. mars 2025

INNLEIING

- L: Kia orana! Kia orana! På maorispråket på Cookøyane er det orda dei bruker når dei møter kvarandre. Kia orana tyder meir enn hei. Det tyder: Må du leva lenge og ha eit godt liv. Må du skina som sola, og må du dansa med bølgene.
- Gudstenesteprogrammet i dag er laga av ei økumenisk samansett gruppe av kristne kvinner på Cookøyane. Dei inviterer oss til å gjenkjenna alt det unike Gud har skapt. Gud har skapt kvar enkelt med stor omsorg og kjenner oss svært godt. Me er alle saman skapte heilt spesielle og unike.
- Me ønsker at de skal erfara den store kjærleiken Gud har.

OPNINGSBØN


- L: Lat oss be til Gud, vår skapar.
- Gud, du som skapte oss unike, me takkar for vår fellesskap som strekker seg over heile verda. Når me no samlast, hjelp oss å opna våre hjarter for deg og for kvarandre. Gjer oss stille med alt me ber med oss. Forny oss så me reflekterer din kjærleik ut til våre medmenneske.

SONG/SALME

Om Cookøyene

Bokmål

Cookøyene består av 15 øyer, spredt over 2 millioner kvm i Stillehavet. 12 av disse øyene er bebodde. Øyene har til sammen rundt 17 000 innbyggere. Over halvparten bor på den vulkanske øya Rarotonga, hvor hovedstaden Avarua befinner seg. Øyboerne har i tillegg fri bosettingsrett i New Zealand, og det bor flere mennesker fra Cookøyene der enn på Cookøyene.



Cookøyene er en selvstyrt øygruppe, assosiert med New Zealand. Styreformen er parlamentarisk demokrati innenfor et konstitusjonelt monarki. Øyene har tropisk klima og rammes årlig av orkaner. Ca. hvert 20. år treffer store og ødeleggende orkaner øyene.

Det antas at øyene først ble befolket mellom 500 og 800 e.kr. av mennesker fra øyer som i dag tilhører Fransk Polynesia. I 1773 og 1777 ankom den britiske oppdagelsesreisende, Kaptein James Cook øyene, som øyene har sitt navn fra.

De offisielle språkene på øyene er Cookøy-maori og engelsk. I tillegg brukes en rekke mindre språk som er svært forskjellige fra hverandre. Mange av øyboerne har gått over til engelsk etter perioder hvor Cookøy-maori har vært gjenstand for forfølgelse. Språket er i dag oppført som utrydningstruet av UNESCO.

Befolkningen er overveiende kristne. Evangeliet kom til øyene i 1821 gjennom John Williams og London Missionary Society. Før dette ble en lokalt utviklet polyteistisk religiøsitet praktisert. Denne var basert på polynesiske mytologi og forholdet til naturen var tett knyttet til religionsutøvelsen. Cookøybeboerne tok raskt imot evangeliet og den kristne troen er i dag en sentral drivkraft bak verdiene og fellesskapet som samfunnet er bygget på.

Misjonærene hadde også med seg nye sykdommer. Dette, og peruansk slavehandel, førte til dramatisk befolkningsfall på 1800-tallet.

Øyenes kulturelle arv med bl.a. sang, dans og trommer ble undertrykket da misjonærene kom. Cookøybefolkningen har etter hvert funnet måter å bevare sin polynesiske arv sammen med sin kristne tro.

En World Day of Prayer samling ble for første gang holdt på Cookøyene i 1971. Året etter ble en økumenisk nasjonal komite opprettet. Siden da og frem til i dag har ulike kirkesamfunn byttet på å arrangere Kvinnenens internasjonale bønnedag på Cookøyene.

VÅR FAR

A: Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gje oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi óg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen

VITNESBYRD/TID TIL Å DELA KOLLEKT/INFORMASJON

VELSIGNING

L: Lat oss gå og bringa vidare den gode budskapet om at Gud er vår skapar. Gud skapte oss unike. Gud kjenner oss, og han er med oss. Hugs at du er eit elska born av Gud, ta godt vare på deg sjølv. Hugs også å møta andre menneske som høgt elska born av Gud. Amen

SONG/SALME

Forslag: Den dag du gav oss

SKRIFTLESNING

Salme 139, 1-18:

Herre, du ransakar meg og du veit –
² du veit om eg sit eller står,
på lang avstand kjenner du mine tankar.
³ Om eg går eller ligg, ser du det,
du kjenner alle mine vegar.
⁴ Før eg har eit ord på tunga, Herre,
kjenner du det fullt ut.
⁵ Bakfrå og framanfrå omgjev du meg,
du har lagt di hand på meg.
⁶ Det er eit under eg ikkje skjønar,
det er så høgt at eg ikkje kan fatta det.
⁷ Kvar skulle eg gå frå din pust,
kvar kunne eg rømme frå ditt andlet?
⁸ Stig eg opp til himmelen, er du der,
legg eg meg i dødsriket, er du der òg.
⁹ Tek eg soloppgangens venger
og slår meg ned der havet endar,
¹⁰ då fører di hand meg jamvel der,
di høgre hand held meg fast.
¹¹ Eg kan seia: «Lat mørkret løyna meg
og lyset omkring meg bli natt.»
¹² Men mørkret er ikkje mørkt for deg,
natta er lys som dagen, mørkret er som lyset.
¹³ For du har skapt mine nyrer,
du har vove meg i mors liv.
¹⁴ Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga.
Underfulle er dine verk, det veit eg godt.
¹⁵ Knoklane mine var ikkje skjulte for deg
då eg vart laga i løynd og voven djupt i jorda.
¹⁶ Auga dine såg meg då eg var eit foster.
Alle dagar er skrivne opp i di bok,
dei fekk form før éin av dei var komen.
¹⁷ Dine tankar, Gud, er dyrebare for meg,
summen av dei er ufatteleg!
¹⁸ Tel eg dei, er dei tallause som sand,
blir eg ferdig, er eg enno hos deg.

ANDAKT

BØN

L: Lat oss vera stille for Gud.

Kort pause

L: Lik bølgiene på havet som utan stans stig og fell, strøymmer vår pust av seg sjølv, inn og ut. Takk, livsens Gud, som gav kvar ein av oss del i gåva som livet er.

Som elva renn fram og gjev næring til jord og plantar, strøymmer blodet gjennom årene våre med næring til alle organ i kroppen. Takk Gud, for at kvar og ein av oss er underfullt skapt.

I mors liv vevde du oss saman, allereie då kjende du oss. Då me var små born, var me fylde av livslyst og rørsle. Takk Gud, for at du ved din heilage Ande gjev oss av ditt liv kvar dag.

Kvar og ein av oss er skapt unik og er djupt elska av deg. Takk Gud, vår Far, for at du har gjeve oss kvarandre i gåve.

SONG/SALME

FORBØN

L: Mektige Gud, me gjev deg ære - skapar av heile verda. Du skapte dei vakre Cookøyane - det fruktbare landet, fjella og havet. Alt skapte du vakkert. Du skapte også mennesket i ditt bilete. Heile skaparverket fortel kor stor du er.

A: Gud, du som kjenner oss, er med oss og skapte oss, me ber til deg.

L: Trufaste Gud, takk for din truskap. Du har vore med oss gjennom frykt, depresjon, naturkatastrofar og manglande tru på framtida. Gud, me takkar for alle kvinner som har leia, og dei som no leier Kvinnernes internasjonale bøneda. Mektige Gud, me er takksame og me prisar deg for din truskap.

A: Gud, du som kjenner oss, er med oss og skapte oss, me ber til deg.

L: Miskunnsame Gud, me kjem til deg og ber om tilgjeving for synd – i ord, gjerning og tankar. Me har gjort skade på ditt skaparverk, og ikkje teke godt nok vare på våre fellesskap, vårt samfunn og vårt miljø. Vårt stolte sinn og mangel på mot har gjort skade på oss sjølv og andre.

A: Gud, du kjenner oss, er med oss, skapte oss, vi ber til deg.

L: Nådige Gud, høyr kva våre hjarte lengtar etter. Forny oss i ditt bilete. Lukk opp våre auge, lat oss sjå og ta imot det heilage og vakre som kjem frå deg. Gje oss glede i å dela deg med andre. Gud, hjelp oss å gjenkjenna det du har planta i kvar og ein av oss, og gleda oss over det du har gjort. Vår hyrding og meister, hjelp oss å gjenkjenna at du er nær, uansett omstende. Heilage Ande, ver oss nær. Me treng at du omgjev og fyller oss, slik at me kan spegla din kjærleik ut til heile verda.

A: Gud, du som kjenner oss, er med oss og skapte oss, me ber til deg.

L: All visdoms Gud, me ber for alle leiarane i verda. Tal til hjarta og tankane deira, slik at dei kan følgja din vilje. Inspirer dei og velsign dei til å arbeida for einskap og fred. Me ber for kvinner og jenter som er sårbare og utsette. Gje alle kvinner nåde til å leva eit verdig liv og bli respekterte. Gje alle kvinner styrke og mot til å skapa ei framtid etter din vilje, frie frå undertrykking. Herre, gje styrke, mot og tolmod til kvinner som opplever vald i heimen. Du Gud, som lækjer, kom med din lækjedom. Fri oss frå sjukdom og andre plagar. Fri oss frå sår og psykiske lidningar. Vern oss mot å bli egoistiske og grådige, og mot alt som vil bryta oss ned.

A: Gud, du som kjenner oss, er med oss og skapte oss, me ber til deg.

L: Gud, hjelp vår rørsle av kvinner å stå saman i einskap og bøn. Vis oss din kjærleik og styrk alle som er i naud. Hjelp oss å visa alle di omsorg slik at dei kjenner seg verdfulle og elska av deg.

A: Gud, du som kjenner oss, er med oss og skapte oss, me ber til deg.